



Dei i Uskedalen som kasta eit blick ut i det strie regnveret litt over klokka sju på onsdagskvelden fekk ei fin oppleving: Det majestetiske cruiseskipet Costa Classica på veg utover gjennom Storsundet!

Det har ikkje vore så mange cruiseskip å se på våre kantar denne sesongen og det har samanheng med få visittar i Rosendal.

Costa Classica er ein av dei 12 cruisebåtane til det italienske rederiet Costa. Det er på 53.700 tonn, men rederiet har fleire skip som er dobbelt så store! Passasjerkapasiteten er oppgjeve til 1.302. Skipet vart bygt i 1991 og renovert i fjor.

Gerd Myklebust tok dette biletet frå heimen sin i Korsnes då Costa Classica passerte.